

**Opplæringsavdelinga**

Arkivsak 201007905-2

Arkivnr. 036

Saksh. Gilberg, Einar

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Yrkesopplæringsnemda	01.12.2010
Opplærings- og helseutvalet	01.12.2010
Fylkesutvalet	08.12.2010
Fylkestinget	14.12.2010 - 15.12.2010

---

## **OPPRETTING AV VIGO SOM INTERKOMMUNALT SELSKAP (IKS)**

---

### **SAMANDRAG**

Forum for fylkesutdanningssjefar (FFU) der opplæringsdirektøren deltek, har etter Datatilsynet sin kontroll av Vigostyret blitt samde om å lage ei sak som greier ut om korleis Vigo kan organiserast slik at Vigo fyller dei rettslege krava til ein organisasjon som skal handsame personopplysningar slik den gjer.

I tillegg til samarbeidet om Vigo har fylkesutdanningssjefane det siste året greidd ut om det er mogleg å samarbeide om eit skoleadministrativt system (SAS). Eit sams SAS for alle fylkeskommunale skolar vil medføre dei same utfordringane i høve til ansvar for datahandsaming og økonomiske avtalar som for Vigo. Fylkesutdanningssjefane gjennomgikk forstudia på møte den 17. august der konklusjonen var at ein ønskte å få laga ein felles kravspesifikasjon for eit nytt SAS.

På denne bakgrunnen blir det no fremja forslag om å opprette eit felles interkommunalt selskap (IKS) til å ha ansvar for Vigo og eit framtidig felles SAS.

### **FORSLAG TIL INNSTILLING**

1. Hordaland fylkeskommune går inn som eigar i eit felles interkommunalt selskap for fylkeskommunane med formål å utvikle/vidareutvikle, eige og/eller drifta alt etter bestilling og i nært samarbeid med deltakarane, fylkeskommunane felles inntaks- og forvaltingssystem for elevar/lærlingar, Vigo og alt som elles står i naturleg samanheng med dette – til dømes skoleadministrative system. Selskapet kan la utvikling og drift av ulike system bli sett ut til andre. Selskapet skal vidare levere, eller formidle levert, nødvendige faglege kurs eller rettleiing til deltakarane på dei systema ein har rettar/driftsoppgåver knytte til.

2. Hordaland fylkeskommune godkjenner den tilrådde selskapsavtalen for det nye selskapet
  3. Som medlem av representantskapet frå Hordaland fylkeskommune er vald
- 
4. Hordaland fylkeskommune vil delta i det vidare arbeidet med å setje i verk eit forprosjekt der det blir utarbeidd ei plan for innkjøp, implementering og kostnadsfordeling av eit felles skoleadministrativt system

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Vedlegg:

- *Opprettiging av eit felles interkommunalt selskap (IKS) for å ta hand om drifta av Vigo og eit eventuelt samarbeid om skoleadministrative system*
- *Forslag til selskapsavtale for Vigo IKS*
- *Datatilsynets rapport*
- *Notat til fylkesrådmennene om samarbeid om nytt SAS*

## FYLKESRÅDMANNEN, 17.11.2010:

I mai 2010 gjennomførte Datatilsynet kontroll hos IST og Vigostyret. Av rapporten frå kontrollen går det fram at

- i handsaminga av opplysningar i samband med inntaket manglar fleire av dei involverte partane rettsleg grunnlag for utlevering eller handsaming av personopplysningar.
- når det gjeld ansvarstilhøvet mellom fylkeskommunane og Vigostyret og driftsorganisasjonen vurderer Datatilsynet det slik at det har ein for laus struktur til å ha partsevne. Det kan derfor heller ikkje reknast for å kunne ha ansvar for handsaming av dei opplysningane dei handsamar i dag.

Forum for fylkesutdanningssjefar (FFU) der opplæringsdirektøren deltek, har etter Datatilsynet sin kontroll blitt samde om å lage ei sak som greier ut om korleis ein kan organisere Vigo slik at Vigo fyller dei rettslege krava til ein organisasjon som skal handsame personopplysningar slik den gjer.

Arbeidet er blitt leia av fylkesutdanningssjef i Møre og Romsdal fylke, Per W. Hoem. Dokumenta som er utarbeida vert no lagt fram som ei sak i alle fylkeskommunar. Saka omfattar følgjande dokument:

- *Opprettig av eit felles interkommunalt selskap (IKS) for å ta hand om drifta av Vigo og eit eventuelt samarbeid om skoleadministrative system*
- *Forslag til selskapsavtale for Vigo IKS*
- *Datatilsynets rapport og vårt tilsvare*
- *Notat til fylkesrådmennene om samarbeid om nytt SAS*

I tillegg til samarbeidet om Vigo har fylkesutdanningssjefane det siste året greidd ut om det er mogleg å samarbeide om eit skoleadministrativt system (SAS). I dag har kvart fylke sin eigen avtale med leverandør av skoleadministrativt system. Ingen av dei eksisterende systema tilfredsstiller dagens krav til funksjonalitet.

Forstudia gav følgjande funn:

- forvalnings- og driftskostnadene for den enkelte fylkeskommunen med SAS er høge
- dagens SAS er basert på umoderne teknologi
- skoleadministrative oppgåver er i dag prega av mykje manuelt arbeid
- integrasjonen mellom SAS og andre system er i dag manuell og det er mogleg å oppnå stor grad av automatisering/effektivisering
- sensitiv informasjon blir ikkje handtert tilfredsstillende
- kontrollar som sikrar at data er lagt korrekt inn i systema, er ikkje tilfredsstillande
- lite brukarvenlege system

Dette betyr at skoleleigarane våre og andre administrativt tilsette bruker uforholdsmessig mykje tid på å administrere data og at dei data som kjem ut og gjev grunnlag for t.d. nasjonal og fylkeskommunal gjennomføringsstatistikk, er unøyaktige.

### Konklusjon

Fylkesrådmannen vurderer det slik at det ikkje kan vere tvil om at Vigo treng ei styringsform som gjer at Vigo får partsevne. Vidare står fylkesrådmannen dei konklusjonane som vert trekte i utgreiinga som er lagt fram her.